

Vedlegg 2.



DET KONGELIGE
SOSIAL- OG HELSEDEPARTEMENT

Marit Midttun
Blomstervn. 7
2000 Lillestrøm

Unntatt offentlighet
iht. offentlighetsloven § 5a
jf. forvaltningsloven § 13

Deres ref

Vår ref
98/03724 HA1 JSR/mos

Dato
05.07.2001

Akuttmottak i det psykiske helsevernet m.v.

Sosial- og helsedepartementet viser til Dykkar brev av 27. september 2000 til justisminister Hanne Harlem. Justisministeren har bedt Sosial- og helsedepartementet om å svare på brevet. Sosial- og helsedepartementet ber om orsak for den lange saksbehandlingstida.

Sosial- og helsedepartementet vil gje følgjande merknader:

Lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. § 3-1 andre ledd pålegg fylkeskommunen å peike ut minst ein helseinstitusjon eller avdeling i slik institusjon å motta pasientar som treng omgåande psykisk helsehjelp. I medhald av denne love har Sosial- og helsedepartementet vedteke ei forskrift om øyeblikkelig hjelp i det psykiske helsevernet. Dersom den som viser pasient til institusjon for psykisk helsevern oppfattar tilstanden til pasienten som livstruande eller svært alvorleg, skal pasienten mottakast til undersøking og behandling utan opphald, sjå forskrifta si § 2. Det same gjeld dersom pasienten på grunn av sinnstilstanden sin må reknast for å vere til vesentleg fare for andre.

Hovudregelen er altså at ein framleis må ha tilvising frå almenlege, men etter forskrifta si § 2 kan også pasienten sjølv, eventuelt med assistanse frå pårørande, offentlig myndigheit eller andre, vende seg direkte til institusjonen utan forutgåande tilvising. Dette kan vere aktuelt dersom det er vanskeleg å få kontakt med lege eller

Postadresse
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Einar Gerhardsens
plass 3

Telefon
22 24 90 90* / 22 24 87 03
Org. nr.
972 417 912

Helseavdelingen
Telefaks
22 24 95 78

Saksbehandler
Johan Sverre Rivertz
22 24 84 25

AB!


annan hurtig nok. Mottakande lege eller psykolog vil da vurdere om det er behov for omgåande hjelp. Forskrifta trådte i kraft 1. januar 2001. Akershus fylkeskommunen vil kunne opplyse om kva institusjon som har dette ansvaret i Akershus.

Gjennom opptrappingsplanen for psykisk helse 1999-2006 blir det arbeidd for å styrke det psykiske helsevernet, både når det gjeld materiell og personell.

Når det gjeld pasientombod har lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasientrettigheter ei føresegn i § 8-2 som pålegg kvar fylkeskommune å ha eit pasientombod. Loven sitt kapittel 8 gir nærmare reglar om pliktene og kompetansen til pasientombodet.

Når det gjeld statleg overtaking av spesialisthelsetenesta, vil dette etter planen skje frå 1. januar 2002. Overtakinga vil også omfatte det psykiske helsevernet.

Med helsing



for Hans-Jacob Sandsberg e.f.
underdirektør



for Johan Sverre Rivertz
førstekonsulent